



Innst. 109 S

(2013–2014)

Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Meld. St. 42 (2012–2013)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Noregs deltaking i den 67. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 66. generalforsamlinga i FN

Til Stortinget

Sammendrag

Meldinga gjeld Noreg si deltaking i FN si generalforsamling, som kvar haust finn stad i organisasjonen sitt hovudsete i New York. Den 67. ordinære generalforsamlinga vart opna den 18. september 2012. Meldinga, som illustrerer det omfattande norske engasjementet i FN, er samansett av fire delar: høgnivåveka i generalforsamlinga, tryggingrådet hausten 2012, saker som gjekk direkte i plenum, og dei seks faste komiteane. For ei nærare skildring av dei ulike aktivitetane og sakane under generalforsamlinga vert det vist til meldinga. I det følgjande vert nokre av dei mest sentrale attgjevne.

Det historiske vedtaket om å oppgradere Palestina sin status i FN var ei av dei mest dominerande sakene under generalforsamlinga i haust. Dette vedtaket inneber at Palestina framleis har observatørstatus i FN, men no som stat. Noreg stemte for vedtaket. Regjeringa vil vurdere søknader om medlemskap til andre FN-organ på individuelt grunnlag.

Forholdet mellom ytringsfridom og respekt for religiøse verdiar sto sentralt under generalforsamlinga. Bakteppet var dei valdelege reaksjonane i fleire muslimske land på filmen «Innocence of Muslims» i september. Spørsmålet prega òg generaldebatten og arbeidet med fleire av resolusjonane og vil venteleg prege arbeidet i FN også i den komande sesjonen.

Oppfølginga av Rio-konferansen om berekraftig utvikling (Rio+20) var ein gjengangar, ikkje minst fordi prosessen med å få peika ut ei mellomstatleg arbeidsgruppe som skal definere nye berekraftsmål, tok uforsvarleg lang tid. Arbeidsgruppa er no nedsett, og vi ventar at ho vil vere i gang med å utarbeide konkrete berekraftsmål når den 68. generalforsamlinga vert innleidd i september i år. Generalforsamlinga har òg vore prega av at fristen for å nå tusenårsmåla nærmar seg, og at diskusjonen om framtidige utviklingsmål har byrja. Regjeringa meiner at prosessane med å utarbeide berekraftsmål og framtidige utviklingsmål må koordinerast og føre til eitt sett med mål.

Dei nordiske kandidatane Finland og Sverige tapte kampen om å kome inn i høvesvis Tryggingrådet og Menneskerettsrådet. Dette viser tydeleg at det er hard kamp om å få nøkkelvev i FN-systemet, og at land som ønskjer å vinne fram, må planleggje i god tid og stille nødvendige ressursar til rådvelde. For regjeringa er nordisk samarbeid viktig, og vi vil halde fram med å vidareutvikle det nordiske samarbeidet, ikkje berre i samband med val til organ som Tryggingrådet, Menneskerettsrådet, ECOSOC osv., men òg i fredsoperasjonar og samarbeid i styra i FN's fond og program.

Noreg fekk godt gjennomslag for sakene vi prioriterte, slik som kampen mot dødsstraff, FN's utviklingsaktivitetar, oppfølging av vedtak frå Rio-konferansen, fiskeri og mattryggleik, kvinner og likestilling, konsensusresolusjon om Myanmar og nye vegar for å fremje kjernefysisk nedrusting.

Dette viser at det er mogeleg å samle fleirtal eller verte samde om gode, nye og framtidretta løysingar. Ein føresetnad er samarbeid på tvers av dei tradisjonelle gruppene – fastlåste gruppesystem er svært ofte ei hindring for å finne fram til gode løysingar i forhandlingsprosessar. Land med ytterpunktposisjonar får setje dagsordenen og gøymer seg bak gruppene

sine. Vi vil vidareføre denne linja med strategisk samarbeid på tvers av dei tradisjonelle gruppeinndelingane på nokre utvalde område som er viktige for oss. Menneskerettar, global helse, fredsoperasjonar og då særleg kvinner, fred og tryggleik, konfliktløsning og fred og forsoning vil vere blant dei prioriterte områda.

Det er stor motstand mot djuptgripande reformer i Tryggingrådet, og debatten om endringar i samsattjinga er fastlåst. I påvente av meir reformvilje har Noreg saman med likesinna land engasjert seg for å skape større openheit omkring det løypande arbeidet i Tryggingrådet. Regjeringa meiner at Noreg godt kan gå i front for å ta ein diskusjon om reform av Tryggingrådet.

Handlingsrommet til FN-sekretariatet er under press frå både sparelystne vestlege land og utviklingsland som vil detaljstyre sekretariatet. Nettopp budsjettkrisa har ført til at gapet mellom vestlege land og utviklingslanda om både budsjett og administrative spørsmål har auka. Denne polariseringa har mellom anna påverka arbeidet i Spesialkomiteen for fredsbevarande operasjonar.

Årets tematiske høgnivåmøte under generaldebatten var om rettsstatsprinsipp. Det lukkast å kome fram til ei felles erklæring frå møtet, men utfordringa vert å sikre at rettsstatsprinsippa vert følgde opp av medlemslanda og integrerte i FN-arbeidet.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Svein Roald Hansen, lederen Anniken Huitfeldt, Marit Nybakk, Kåre Simensen og Jens Stoltenberg, fra Høyre, Elin Rodum Agdestein, Regina Alexandrova, Sylvi Graham, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, fra Fremskrittspartiet, Peter N. Myhre, Kristian Norheim og Per Sandberg, fra Kristelig Folkeparti, Astrid Aarhus Byrknes, fra Senterpartiet, Liv Signe Navarsete, fra Venstre, Trine Skei Grande, og fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, har merket seg at oppgraderingen av Palestinas status i FN, debatten om yrings- og religionsfrihet, oppfølgingen av Rio-konferansen om bærekraftig utvikling (Rio+20), FNs tusenårsmål, forhandlingene om en våpenhandelsavtale (ATT), samt reform og administrative spørsmål og budsjettspørsmål i FN-systemet preget den 67. generalforsamling i FN.

Komiteen merket seg at Resolusjon 67/19 ble vedtatt. Resolusjonen oppgraderte Palestina fra å være en observatørenhet til en observatørstat uten

medlemskap. Resolusjonen innebar en endring i offisiell norsk navngivning til Palestina.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, ser dette som en anerkjennelse av det betydelige statsbyggingsarbeidet som er gjort i Palestina som forberedelse til en tostatsløsning.

Komiteen støtter regjeringen i at prosessene med å utarbeide bærekraftmål og framtidige utviklingsmål må samordnes og føre fram til ett sett med mål.

Komiteen legger til grunn at FNs tusenårsmål fortsatt skal være en ledetråd i Norges politikk for utvikling og viser til at Norge har tatt et spesielt ansvar for tusenårsmål nr. 4 og 5 om å redusere barnedødelighet og mødredødelighet og bedre helse for gravide og fødende kvinner.

Komiteen støtter regjeringens engasjement for å reformere FN-systemet og mener at det er viktig å vektlegge resultater og effektivitet når nivået på bidrag til FN-organisasjonene skal fastsettes.

Komiteen viser til at Norge fikk godt gjennomslag for saker som ble prioritert, blant annet kampen mot dødsstraff, FNs utviklingsaktiviteter, oppfølging av vedtakene fra Rio-konferansen, fiskeri og mattrygghet, kvinner og likestilling, nye veier for å fremme kjernefysisk nedrustning og konsensusresolusjonen om Myanmar. Dette kom som resultatet at et strategisk samarbeid på tvers av tradisjonelle gruppeinndelinger og konsentrasjon om utvalgte saker av spesiell betydning for Norge, en linje komiteen mener bør videreføres.

Komiteen støtter regjeringens engasjement for å reformere FN-systemet og ønsker at FN-organisasjonene vektlegger resultater og effektivitet når nivået på bidrag fastsettes. Komiteen støtter tyngden Norge legger inn på reformtiltakene, blant annet personalreformen, som skal fremme effektivitet og en styrket resultatbasert ledelse av FN. Komiteen viser til at det må legges finansiell styrke bak kravene til reform. Norge skal opptre konstruktivt og kritisk overfor FNs ressursbruk med sikte på sterkere resultatbasert ledelse, gode rapporteringsrutiner og økt målbarhet av oppnådde resultater. Norge skal arbeide for at FN fortsetter å fremme tiltak mot økonomiske misligheter og tiltak som sikrer en ansvarlighetskultur som styrker innsatsen for tilsyn og kontroll.

Komiteen viser til at nordisk samarbeid er viktig i det internasjonale arbeidet i FN og har merket seg at verken Sverige eller Finland fikk plass i FNs menneskerettighetsråd. Komiteen viser til at arbeidet med nordisk samarbeid og forente posisjoner i FN blir viktig fremover.

Komiteen viser til at støtte til FNs fredsbevarende operasjoner er et sentralt punkt i Norges satsing og registrerer at den norske politiinnsatsen er konsentrert om innsats i Haiti, Liberia og i Sør-Sudan, mens de største militære kontingentene befinner seg i Sør-Sudan og i Midtøsten.

Komiteen understreker at terrorisme utgjør en trussel mot internasjonal fred og stabilitet og støtter fullt ut bidraget til å styrke det internasjonale samarbeidet mot terrorisme gjennom FNs globale antiterrorstrategi.

Komiteen merker seg også at Responsibility to Protect (R2P) var et tema under FNs 67. generalforsamling. Prinsippet om rettidig og besluttsom kollektiv handling dersom et land ikke etterlever ansvaret for å beskytte sin befolkning mot folkemord, krigsforbrytelser, etnisk rensing og forbrytelser mot menneskeheten, ble diskutert i lys av Sikkerhetsrådets resolusjon i forbindelse med Libya og den kontinuerlige krisen i Syria. Komiteen anser det som et problem at FN-pakten og Sikkerhetsrådets struktur, samt enkeltlands egne interesser, har satt prinsippet om ansvar for å beskytte på spill.

Komiteen viser for øvrig til merknadene i Innst. 200 S (2012–2013), jf. Meld. St. 33 (2011–

2012), der det ble oppnådd enighet om en felles FN-politikk som skal være retningsgivende for Norges aktive FN-engasjement. Geopolitiske endringer, globale utfordringer og manglende politisk og finansiell stabilitet er komplekse problemer som fordrer endringer i FNs arbeid. Meldingen hadde som hensikt å forankre norsk FN-politikk og vise hvordan Norge innretter sitt arbeid for å nå målene sine, blant annet for å sikre at FN er en relevant aktør også i framtida.

Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rå Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Meld. St. 42 (2012–2013) – om Noregs deltaking i den 67. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 66. generalforsamlinga i FN – vedlegges protokollen.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 15. januar 2014

Anniken Huitfeldt

leder

Øyvind Halleraker

ordfører

